

ARRANGERE MINNESAMVÆR I ØRSTA FRIKYRKJE?

NYTTIG INFORMASJON

Det er mykje å tenkja på i høve dødsfall. I Ørsta frikyrkje kan vi hjelpa dykk med å leggja til rette for eit godt minnesamvær etter gravferda.

De vel sjølve kor mykje de som pårørende vil bidra med – og kor mykje de ynskjer at vi skal ta oss av. For oss er det naturleg å tenkja ein tredeling med tanke på kven som gjer kva:

1. Pynta og stella i stand på førehand
2. Servere, koke kaffi og hjelpe under sjølve minnesamværet
3. Rydda, vaska opp og evt. vaska alle golv og toalett etterpå

Ørsta frikyrkje

- Stiller med lokalar for opp mot 120 personar, inkl. lydanlegg.
- Kan stort sett bidra med mannskap, der det er ein timesats per person.
- Kan sørge for reinhald etterpå

Dersom vi ikkje klarar å finna mange nok til servering, eller dersom nokre i familien ynskjer å gjera noko av dette sjølve, er det sjølvstøtt mogeleg at vi deler på den delen.

Familien

må ordna med resten, dersom ikkje noko anna er avtalt særskild. Det betyr at familien har ansvar for:

- Lys, blommar og serviettar. Om vi skal dekkja på, er det mogeleg for oss å leggja ut for dette, så set vi utgiftene på rekninga.
- Alt som skal etast og drikkast; dvs. familien sjølv bestiller mat/ordnar med kaker. Det tyder òg at familien er ansvarleg for drikke som kaffi, te, kaffifløyte, saft/mineralvatn etc.

Så kan familien velja å vaska/reinsa dukane sjølv avhengig av kva for dukar ein har valt å nytta.

Vedlegg: Utleigeprisar